

Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/699-37

## Breibandmidlar 2019 - Sogn og Fjordane

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- Hovudutval for næring og kultur vil innstille på at Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit si løyving på kr. 8 348 974 vert fordelt på desse prosjekta:

Kommune	Område	Søknadssum	Tildeling
Fjaler	Gjølanger, Espedalen, Yndestad og Myklenost m/omegn	2 500 000	2 500 000
Luster	Grender i Luster	2 000 000	2 000 000
Gaular	Kleppe - Laukeland og Nistad — Strandeneset	580 000	580 000
Aurland	Bjørgo og Turlid	150 000	150 000
Årdal	Indre Offerdal	380 000	380 000
Bremanger	Kjelkenes/Myklebust	1 050 000	1 050 000
Førde	Solheimsdalen del 2	1 500 000	1 500 000
Selje	Kjøde-Årsheim	1 800 000	188 974
			8 348 974

Løyvinga vert dekkja med midlar frå Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom)

- Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver kr. 3 493 026 til breibandutbygging i kommunane, fordelt på desse prosjekta:

Kommune	Område	Søknadssum	Tildeling
Selje	Kjøde-Årsheim	1 800 000	1 611 026
Gulen	Eidsbotn-Fivesdal og Fivesdal-Setenes m/omegn	910 000	910 000
Eid	Heggjabygda	672 000	672 000
Aurland	Bakka og Tufto	300 000	300 000
			3 493 026

Løyvinga vert dekkja med midlar frå tenesteområde 7011 på næring og kultur sitt 2019-budsjett, og restmidlar og renter frå tidlegare år. Ikkje disponerte restmidlar på kr. 334 974 vil bli tildelt i tråd med prioriteringar i punkt 3.

Tildelingar i punkt 1 og 2 vil gi eit fullgodt breibandtilbod til 755 husstandar i 10 kommunar i fylket, der 486 av desse manglar eit grunnleggande tilbod (under 10 Mbit/s), og 269 husstandar i dag har eit tilbod mellom 10-30Mbit/s.

3. Dersom det blir tilgjengelig ytterlegare midlar til ordninga skal dei tildelast til prosjekta under, i den rekkefølga dei er lista opp i tabellen:

Kommune	Område	Tildeling
Bremanger	Ålfoten, Davik og Rugsund m/omegn	5 400 000
Aurland	Li, Vikesland, Kvitt og Otternes	450 000
Naustdal	Instedalen og Åsedalen	2 180 000
Selje	Drage-Hoddevik	1 200 000
Eid	Skrede og Holmøyane	810 000
Gulen	Instefjord, Austgulen, Takle-Rutledal og Mjømna	2 125 000
Eid	Lote og Hennebygda	262 000
Bremanger	Berle	855 000
Askvoll	Førdefjorden	2 214 000
Gulen	Kringla, Ynnesdalen-Verkland, Hanntveit, Brossvika, Fallebø-Vatne, Dingja, Mjåneset-Espevika, Hisarøyna, Glosvika-Omdal, Grinde-Høyvika, Li, Nordre Sandøy, Grima, Tunsberg-Randal, Ærneshaugen – Gråvika	6 400 000
Jølster	Lunde -Søghesand, aust og vest for Svidalen, Årneset – Strand, sør for Jølstraholmen	750 0

4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å følgje opp vedtakspunkta, og tildele midlar i tråd med prioriteringar i denne saka

**Vedlegg:**

Skjema med evalueringskriterium - breibandsøknadar 2019

Oversikt over breibandløyvingar 2014 – 2019

Brev frå Nkom datert 19.3.2019 – «Tilskudd til bredbåndsutbygging 2019»

**Andre relevante dokument i saka:**

Strategi for breiband Sogn og Fjordane 2016-2020

Søknader

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Regjeringa har ei tilskotsordning for breiband. Gjennom denne ordninga vil ein bidra til at alle husstandar i Norge får eit breibandtilbod av god kvalitet. Den offentlege støtteordninga skal delfinansiere breibandutbygging i områder der det ikkje er lønsamt å byggje ut på kommersielle vilkår. Støtteordninga er godkjent av EFTAs overvakingsorgan (ESA). Stortinget har i 2019 løyvd kr.199 750 000 til breibandstøtte. Sogn og Fjordane frå tildelt kr. 8 348 974, noko som utgjør 4,18% av totalen.

Fylke	Husholdn. ("HH") totalt	Ant. HH uten min. 10 Mbit/s	Ant. HH m/xDSL 10-30 Mbit/s	Sum hush.	Fordeling 2019	Beløp per fylke
Akershus	258161	1886	357	2243	7,21%	kr 14 402 156
Aust-Agder	52273	942	191	1133	3,64%	kr 7 273 028
Buskerud	125680	1079	173	1252	4,03%	kr 8 040 161
Finnmark	34356	1057	15	1072	3,45%	kr 6 885 616
Hedmark	92354	2721	426	3147	10,12%	kr 20 206 891
Hordaland	236594	1127	188	1315	4,23%	kr 8 445 422
Møre og Romsdal	117658	1766	402	2168	6,97%	kr 13 923 244
Nordland	111148	3313	628	3941	12,67%	kr 25 303 741
Oppland	88746	1555	167	1722	5,53%	kr 11 054 415
Oslo *)	0	0	0	0	0,00%	kr -
Rogaland	201313	916	286	1202	3,86%	kr 7 717 245
Sogn og Fjordane	47402	1191	109	1300	4,18%	kr 8 348 974
Telemark	80342	861	99	960	3,08%	kr 6 160 784
Troms	78127	1439	94	1533	4,93%	kr 9 844 878
Trøndelag	216646	4597	901	5498	17,67%	kr 35 299 031
Vest-Agder	82590	1152	145	1297	4,17%	kr 8 324 606
Vestfold	112662	261	34	295	0,95%	kr 1 891 869
Østfold	132761	964	68	1032	3,32%	kr 6 627 938
Norge totalt	2068813	26827	4283	31110	100%	kr 199 750 000

Fordeling av breibandmidlar mellom fylka for 2019

Strategi for breiband i Sogn og Fjordane 2016-2020 har som mål at alle bedrifter og innbyggjarar i Sogn og Fjordane skal ha tilgang til, eller ha prosjekt for å etablere andre generasjon breiband innan 2020. Strategien er regional, men han er avhengig av statleg støtte for å bli realisert.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i 2019 disponibelt kr. 3 828 000 til breibandsatsinga:

- Kr. 2 677 000. vert dekt med midlar på næring og kultur sitt budsjett for 2019, tenestoområde 7011 – kommunikasjonsteknologi
- Kr. 1 151 000 vert dekt med renter og restmidlar frå tidlegare års breibandutbygging

Fylkesrådmannen har også i tertialrapport 1/19 tilrådd å auke ramma til breiband med kr. 1 637 710. Denne rammeauken vert først vedteken av fylkestinget i juni.

Regjeringa har i revidert nasjonalbudsjett føreslått å løyve 50 mill. kr. ekstra til breiband i 2019. Ekstraløyvinga skal mellom anna bidra til at husstandar og verksemder som i dag har tilbod om breiband basert på Telenors koparnett, og der det ikkje finst anna tilbod eller planar om utbygging av tilstrekkeleg godt breiband på kommersielt grunnlag. Det er føreslått at ekstraløyvinga skal fordelast til fylkeskommunane, som får ansvaret for å nytte midlane der behovet er størst. Departementet vil samarbeide med Nkom om nærare innretting for bruk av midlane. Vi veit såleis ikkje kva vi får, og kva krav det blir stilt til fordeling og bruk av midlar. Dersom det vert nytta same fordelingsnøkkel som sist får Sogn og Fjordane vel 2 mill. kr.

## 2. Vurdering

Sogn og Fjordane har komme godt ut av tidlegare års tildelingar av breibandmidlar, spesielt i perioden 2014 – 2017 då midlane vart fordelt etter søknad. Gjennom godt samarbeid og organisering er vi blant dei fylka som har henta mest midlar gjennom denne ordninga. Ein har og sikra gjennomføring av alle prosjekt som har motteke offentleg støtte, og etterlevd krav frå ESA gjennom felles konkurransegrunnlag og kontraktsmalar.

I 2018 vart retningslinjene endra frå ei søknadsbasert løyving til fordeling mellom fylka. Fylkeskommunane fekk no tildelt midlar etter ein fordelingsnøkkel og fekk i oppgåve å fordele midlane til kommunane etter ei forenkla søknadsprosedyre.

Samferdselsdepartementet har endra retningslinjer og fordelingsnøkkel i 2019, noko som førte til ein betydeleg reduksjon i løyvinga til Sogn og Fjordane. Med dei nye retningslinjene vert dei statlege

midlane fordelt 50% på tal husstandar som manglar eit grunnleggande tilbod (under 10Mbit/s) og 50% på tal husstandar som har eit tilbod mellom 10 – 30 Mbit/s.

Den nye fordelingsnøkkelen er ei rein matematisk fordeling utan noko form for skjønn eller utjamningsprofil mellom fylka. Fordelingsnøkkelen tek ikkje lenger omsyn til 4G mobildekning, noko som har ført til at Sogn og Fjordane vart den største taparen på denne omlegginga.

I ein fersk undersøking frå analyseselskapet Analysys Mason gjort for KS kjem det fram at om lag 3800 husstandar i Sogn og Fjordane manglar eit fullgodt breibandtilbod og innandørs mobildekning på 4G. I Norge totalt har 99,9 prosent befolkningsdekking på 4G mobil, medan vi i Sogn og Fjordane har 92,5 prosent. Fagtidsskriftet Telecom Revy har samanlikna mobildekning og dekning av fiber (100 Mbit/s) i 2018 og finn at det er dei same fylka som har dårlegast dekking i begge kategoriar.

Teleleverandørane satsar framover for full på utbygging av femte generasjons mobilnett. Telenor og Telia har sett i gang pilottesting og planlegg ei utrulling av 5G frå neste år. Det er all grunn til å tru at denne satsinga i hovudsak vil skje i byar og tettbygde strøk.

5G vil tilby høghastigheit breiband over mobilnettet, men vil krevje langt fleire mobile basestasjonane. Utan fibernet i området vil ein heller ikkje få 5G.

Eksempel på funksjonalitet og tenester i 5G nettet. Kjelde Telenor

- Kringkasting av TV og radio. 5G vil på sikt kunne erstatte DAB+.
- Naudetatane vil få eigne sikre og effektive løysningar for krisesituasjonar, blant anna for samordning av kommunikasjon med lyd, video, kart, posisjonering, førstehjelp, styring av drone
- Bedrifter, offentlege etatar og husstandar vil kunne lage sine egne «private» nett av sensorar og maskiner som kan kontrollerast og styrast via internett.
- Styring av maskiner og robotar i næringslivet, for eksempel innan landbruk og fiskeri
- Køyretøy vil bli kopla opp og saman for sikrere og meir effektiv trafikkavvikling
- Telemedisin for diagnostisering og behandling av pasientar heime eller i sjukeheim
- På energisektoren vil 5G kunne nyttast til måling og styring av produksjon, distribusjon og forbruk på meir miljøvennlege og kosteffektive måtar.
- Innan matvareindustrien vil 5G kunne gi ei meir effektiv og miljøvennleg produksjon og distribusjon med bruk av sensorar som overvåkar og kvalitetssikrar hele næringskjedene frå hav, åker og fjøs til middagsbordet.

Det er framleis behov for offentlege støtte til breibandinfrastruktur for å sikre eit fullgodt og likeverdig breibandtilbod i heile landet. Utan slik støtte vil ikkje innbyggjarar og næringsliv i utkantstrøk ha tilgang til dei same tenestene som resten av landet.

### **3. Søknadsprosessen for 2019**

Fylkeskommunane får tildelt ei økonomisk ramme frå Nkom og skal sørgje for at midlane vert fordelt til kommunane etter gjeldande retningslinjer frå Samferdsledepartementet og EFTAs overvåkingsorgan (ESA).

Kommunane søker til fylkeskommunen, og det er fylkeskommunen sitt ansvar å gje ei innstilling til Nkom med ei prioritering av søknadane frå kommunane, innanfor den tilgjengelege ramma. Søknadsfristen for kommunane til fylkeskommunen var 24.april.

Det kom inn 25 søknadar frå 14 kommunar:

- Søknadane er ulike med tanke på tal husstandar, tal hus med dekning under 10 Mbit/s, totalkostnad i prosjekta og kostnad pr. husstand
- Samla søknadssum på kr. 34.473.000
- Totalkostnad for dei 25 søknadane er kr. 100 734 480
- Det er søkt om støtte til utbygging av totalt 1869 husstandar, der 657 husstandar mangla eit grunnleggande tilbod (0 – 10 Mbit/s hastigheit)

Kommune	Prosjekt	Søknadssum	Samla kostn	medfi	0 - 10 M	10 - 30 Mb	Tot hus i or	% <10 Mbit	Kost pr h	Nkom pr h
Askvoll	Førdefjorden	2 214 000 kr	7 700 000 kr	26 %	8	164	172	5 %	44 767 kr	12 872 kr
Aurland	Bakka og Tufto (pri 1)	300 000 kr	1 230 000 kr	63 %	5	11	16	31 %	76 875 kr	18 750 kr
Aurland	Bjergo og Turlid (pri 2)	150 000 kr	590 000 kr	51 %	5	9	14	36 %	42 143 kr	10 714 kr
Aurland	Li, Vikesland, Kvitt og Otternes (pri 3)	435 000 kr	1 035 000 kr	48 %	3	26	29	10 %	35 690 kr	15 000 kr
Bremanger	Berle (Sone 1)	855 000 kr	2 850 000 kr	30 %	8	49	57	14 %	50 000 kr	15 000 kr
Bremanger	Kjelkenes/Myklebust (Sone 2)	1 050 000 kr	3 500 000 kr	30 %	36	34	70	51 %	50 000 kr	15 000 kr
Bremanger	Ålforten, Davik og Rugsund (Sone 3)	5 400 000 kr	18 000 000 kr	30 %	100	260	360	28 %	50 000 kr	15 000 kr
Eid	Heggjabygda (pri 1)	672 000 kr	2 150 000 kr	52 %	9	50	59	15 %	36 441 kr	11 390 kr
Eid	Skrede og Holmøyane (pri 2)	810 000 kr	1 950 000 kr	46 %	6	35	41	15 %	47 561 kr	19 756 kr
Eid	Lote og Hennebygda (pri 3)	262 000 kr	808 000 kr	54 %	0	67	67	0 %	12 060 kr	3 910 kr
Fjaler	Fire områder	2 500 000 kr	8 000 000 kr	44 %	185	15	200	93 %	40 000 kr	12 500 kr
Førde	Solheimsdalen del 2	1 500 000 kr	3 131 000 kr	28 %	40	26	66	61 %	47 439 kr	22 727 kr
Gaular	Kleppe - Laukeland og Nistad — Strandeneset	580 000 kr	1 739 000 kr	33 %	27	10	37	73 %	47 000 kr	15 676 kr
Gulen	Søknad 1	3 035 000 kr	10 726 250 kr	50 %	15	138	153	10 %	70 106 kr	19 837 kr
Gulen	Søknad 2	6 400 000 kr	12 490 500 kr	33 %	16	111	127	13 %	98 350 kr	50 394 kr
Gulen	1a: Område 3,4	575 000 kr	1 981 250 kr	49 %	0	29	29	0 %	68 319 kr	19 828 kr
Gulen	1b: Område 5	935 000 kr	3 173 750 kr	48 %	0	47	47	0 %	67 527 kr	19 894 kr
Gulen	1c: Eidsbotn-Fivesdal + Fivesdal-Setenes	910 000 kr	3 107 500 kr	49 %	15	31	46	33 %	67 554 kr	19 783 kr
Gulen	1d: Område 20	615 000 kr	2 463 750 kr	56 %	0	31	31	0 %	79 476 kr	19 839 kr
Jølster	Grender i Jølster	750 000 kr	2 000 000 kr	25 %	0	37	37	0 %	54 054 kr	20 270 kr
Luster	Grender i Luster	2 000 000 kr	6 500 000 kr	34 %	110	30	140	79 %	46 429 kr	14 286 kr
Naustdal	Instedalen og Åsedalen	2 180 000 kr	7 000 000 kr	37 %	20	70	90	22 %	77 778 kr	24 222 kr
Selje	Drage-Hoddevik	1 200 000 kr	3 200 000 kr	25 %	10	17	27	37 %	118 519 kr	44 444 kr
Selje	Kjode-Årsheim	1 800 000 kr	4 660 000 kr	29 %	39	53	92	42 %	50 652 kr	19 565 kr
Årdal	Indre Offerdal	380 000 kr	1 474 730 kr	64 %	15	0	15	100 %	98 315 kr	25 333 kr
	<b>SUM</b>	<b>34 473 000 kr</b>	<b>100 734 480 kr</b>		<b>657</b>	<b>1212</b>	<b>1869</b>		<b>53 895 kr</b>	<b>17 735 kr</b>

Oversikt over søknadane frå kommunane

\* Gulen kommune har sendt to søknadar (Søknad 1 og 2), men og delt opp søknad 1 i fire mindre søknader (1a,1b,1c og 1d)

Søknadsmassen viser at det framleis er eit betydeleg behov for støtte til breibandutbygging i fylket. Vi er og kjent med at fleire kommunar har behov, men ikkje sendt søknad om støtte i år.

Samferdsledepartementet har vedteke at vi skal prioriterer prosjekt ut frå følgjande kriterium:

- Minst 80% av midlane som er avsett til kvart fylke skal nyttast til utbygging i område som manglar tilbod om breiband med 10 Mbit/s eller høgare, gjeve at det framleis er slike område att i fylket
- Lokale finansielle bidrag skal utgjere minst 25% av dei totale prosjektkostnadane for alle prosjekta, samla for dei prosjekta som fylkeskommunen søkjer om støtte til
- Prosjekt som får tilskot skal etablere et reelt tilbod om breiband til alle husstandar og bedrifter innan det geografiske området som vert søkt om støtte
- Utbygging skal vere kostnadseffektiv

Andre moment

- Utbygging av breiband gjennom ordninga skal gje eit tilbod om breiband med minimum 30 Mbit/s.
- Prosjekt som det vert søkt om støtte til skal vere teknologinøytrale (til dømes ikkje eksplisitt krav om fiber)
- Det er opna for at tilbydarar kan gje tilbod om breiband via mobilnettet i ordninga Abonnement skal i så fall vere til ein fast pris, til tilnærma same pris som for fast breiband, og med uavgrensa bruk av data

#### 4. Evaluering av søknadane og fordeling av tilskot for 2019

Vedlagt evalueringskriterier er brukt for å vurdere søknadane opp mot kvarandre. Evalueringskriteria bygger tidlegare års skjema, men er tilpassa årets retningslinjer frå Samferdsledepartementet og Nkom.

Evalueringa har vore gjennomført i samråd med arbeidsutvalet i IT-forum breiband, som einstemmig har innstilt prioritering av søknadane.

Kommune	Prosjekt/Områder	Lokal off finansiering	Tildeling	Samla kostnad	% lokal medfinansiering	0 - 10 Mbit	10 - 30 Mbit	Tot hus i or	% <10 Mbit	Kost pr hus	Nkom pr h
Aurland	Bakka og Tufto	600 000 kr	300 000 kr	1 230 000 kr	63 %	5	11	16	31 %	76 875 kr	18 750 kr
Aurland	Bjergo og Turlid	120 000 kr	150 000 kr	590 000 kr	51 %	5	9	14	36 %	42 143 kr	10 714 kr
Bremanger	Kjelkenes/Myklebust	660 000 kr	1 050 000 kr	3 500 000 kr	30 %	36	34	70	51 %	50 000 kr	15 000 kr
Eid	Heggjabygda	488 000 kr	672 000 kr	2 150 000 kr	52 %	9	50	59	15 %	36 441 kr	11 390 kr
Fjaler	Gjelanger, Espedalen, Yndestad og Myklenest	1 000 000 kr	2 500 000 kr	8 000 000 kr	44 %	185	15	200	93 %	40 000 kr	12 500 kr
Førde	Solheimsdalen del 2	640 000 kr	1 500 000 kr	3 131 000 kr	28 %	40	26	66	61 %	47 439 kr	22 727 kr
Gaular	Kleppe - Laukeland og Nistad — Strandeneset	220 000 kr	580 000 kr	1 739 000 kr	33 %	27	10	37	73 %	47 000 kr	15 676 kr
Gulen	Eidsbotn-Fivesdal + Fivesdal-Setenes	1 045 000 kr	910 000 kr	3 107 500 kr	49 %	15	31	46	33 %	67 554 kr	19 783 kr
Luster	Grender i Luster	1 000 000 kr	2 000 000 kr	6 500 000 kr	34 %	110	30	140	79 %	46 429 kr	14 286 kr
Selje	Kjode-Årsheim	700 000 kr	1 800 000 kr	4 660 000 kr	29 %	39	53	92	42 %	50 652 kr	19 565 kr
Årdal	Indre Offerdal	250 000 kr	380 000 kr	1 474 730 kr	64 %	15	0	15	100 %	98 315 kr	25 333 kr
		<b>6 733 000 kr</b>	<b>11 842 000 kr</b>	<b>36 082 230 kr</b>	<b>39 %</b>	<b>486</b>	<b>269</b>	<b>755</b>	<b>64 %</b>	<b>47 791 kr</b>	<b>15 685 kr</b>

Kommunar og prosjekt som vert tildelt breibandmidlar, gitt løyving i punkt 1 og 2 (Innstilling Nkom og fylkeskommunale midlar)

Tilskotet vil gi eit fullgodt breibandtilbod til 755 husstandar i 10 kommunar i fylket, der 486 av desse manglar eit grunnleggande tilbod (64 prosent), og 269 husstandar i dag har eit tilbod mellom 10-30Mbit/s.

## 5. Prioriteringar ved eventuell rammeauke

Det kan kome rammeauke til breiband i 2019. Dette er avhengig mellom anna av vedtak av rammeauke til breiband gjennom tertial 1/19, og Nkom si fordeling og krav til prioritering av ekstraløyving gjennom revidert nasjonalbudsjett. For å vere budde dersom det kjem rammeauke til breibandsatsinga ber vi hovudutvalet om å vedta ei prioriteringsliste over prosjekt som skal få midlar dersom rammene aukar.

Dersom det skulle bli tilgjengeleg ytterlegare finansiering vil dei midlane bli tildelt i tråd med fordelinga i tabellen under. Det vert lagt opp til hovudutvalet no vedtek prioriteringslista, og at fylkesdirektøren vil få fullmakt til å følgje opp.

Kommune	Prosjekt/Område	Lokal off finansiering	Tildeling	Samla kostnad	% lokal medfinansiering	0 - 10 Mbit	10 - 30 Mbit	Tot hus i omr.	% <10 Mbit	Kost pr hus	Nkom pr hus
Bremanger	Ålfoten, Davik og Rugsund (Sone 3)	3 550 000 kr	5 400 000 kr	18 000 000 kr	30 %	100	260	360	28 %	50 000 kr	15 000 kr
Aurland	Li, Vikesland, Kvitt og Otternes	255 000 kr	435 000 kr	1 035 000 kr	48 %	3	26	29	10 %	35 690 kr	15 000 kr
Naustdal	Instedalen og Åsedalen	1 250 000 kr	2 180 000 kr	7 000 000 kr	37 %	20	70	90	22 %	77 778 kr	24 222 kr
Selje	Drage-Hoddevik	630 000 kr	1 200 000 kr	3 200 000 kr	25 %	10	17	27	37 %	118 519 kr	44 444 kr
Eid	Skrede og Holmøyane	438 000 kr	810 000 kr	1 950 000 kr	46 %	6	35	41	15 %	47 561 kr	19 756 kr
Gulen	Instefjord, Austgulen, Takle-Rutledal og Mjømna	2 422 500 kr	2 125 000 kr	7 618 750 kr	51 %	15	138	153	10 %	49 796 kr	13 889 kr
Eid	Lote og Hennebygda	154 000 kr	262 000 kr	808 000 kr	54 %	0	67	67	0 %	12 060 kr	3 910 kr
Bremanger	Berle	330 000 kr	855 000 kr	2 850 000 kr	30 %	8	49	57	14 %	50 000 kr	15 000 kr
Askvoll	Førdefjorden	967 500 kr	2 214 000 kr	7 700 000 kr	26 %	8	164	172	5 %	44 767 kr	12 872 kr
Gulen	Kringla, Ynnesdalen-Verkland, Hanntveit, Brossvika, Fallebø-Vatne, Dingja, Mjåneset-Espevika, Hisarøyna, Glosvika-Omdal, Grinde-Høyvika, Li, Nordre Sandøy, Grima, Tunsberg-Randal, Ærneshaugen - Gråvika	2 823 500 kr	6 400 000 kr	12 490 500 kr	33 %	16	111	127	13 %	98 350 kr	50 394 kr
Jølster	Lunde -Søgnesand, aust og vest for Svidaler	0 kr	750 000 kr	2 000 000 kr	25 %	0	37	37	0 %	54 054 kr	20 270 kr
		<b>12 820 500 kr</b>	<b>22 631 000 kr</b>	<b>64 652 250 kr</b>	<b>34 %</b>	<b>186</b>	<b>974</b>	<b>1160</b>	<b>16 %</b>	<b>55 735 kr</b>	<b>19 509 kr</b>

Rangering av alle søknader med oversikt kostnader og husstandar (som ikkje nådde opp i punkt 1 og 2 i framlegg til vedlegg).

Kommune	Område	Behov	Behov summert
Bremanger	Ålfoten, Davik og Rugsund m/omegn	5 400 000	5 400 000
Aurland	Li, Vikesland, Kvitt og Otternes	435 000	5 835 000
Naustdal	Instedalen og Åsedalen	2 180 000	8 015 000
Selje	Drage-Hoddevik	1 200 000	9 215 000
Eid	Skrede og Holmøyane	810 000	10 025 000
Gulen	Instefjord, Austgulen, Takle-Rutledal og Mjømna	2 125 000	12 150 000
Eid	Lote og Hennebygda	262 000	12 412 000
Bremanger	Berle	855 000	13 267 000
Askvoll	Førdefjorden	2 214 000	15 481 000
Gulen	Kringla, Ynnesdalen-Verkland, Hanntveit, Brossvika, Fallebø-Vatne, Dingja, Mjåneset-Espevika, Hisarøyna, Glosvika-Omdal, Grinde-Høyvika, Li, Nordre Sandøy, Grima, Tunsberg-Randal, Ærneshaugen - Gråvika	6 400 000	21 881 000
Jølster	Lunde -Søgnesand, aust og vest for Svidaler, Årneset - Strand, sør for Jølstraholmen	750 000	22 631 000

Rangering av alle søknader, med oversikt over finansieringsbehov.